

# Levande dugnadsånd i Gol

I går feira Gol

Idrettslag 100-års jubileum. Leiar Tore Dag Skjerdal og dagleg leiar Jon Brunborg i Gol IL er ikkje i tvil: - Utan dugnad ingen idrett.

Brunborg og Skjerdal konsentrerer seg når dei granskar dugnadsboka til Gol IL. 200 av dei til saman 1315 medlemmene har sagt seg villige til å vera med på dugnadsarbeid. Resultatet er imponerande. - Dei siste åra har laget lagt ned mykje arbeid i fleire prosjekt til ein samla verdi på mange millionar kroner. Samstundes har idrettslaget maktat å halde opp ein høg aktivitet.

- På anleggssida utgjer dugnadsinnsatsen alt, seier dei.

## Klubbhus

Hovudstyret har ansvaret for klubbhuset på Hallingmo, der Gol IL samarbeider med skytarlaga. Det blir eit bygg som blir på vel 1000 kvadratmeter den dagen det står ferdig. No er fyrste høgda klar, og heile bygget under tak. Skytebanen er allereie i bruk, både til stepdans og for miniatyrskyting.

Berre for klubbhuset har våre folk lagt ned over 5000 arbeidstimar. Omrekna i kroner utgjer dette minst 600.000 kroner. Det seier seg sjølv at laget aldri hadde kunne tatt eit slikt lyft utan trufaste friviljuge medarbeidarar, seier Tore Dag

Skjerdal. Han kan ikkje skjonne folk som hevdar at dugnadsånda er død.

- Hjå oss lever den i beste velgåande, seier han.

## Andre også

Skjerdal og Brunborg understrekar at det ikkje berre er hovudgruppa som skor seg på dugnadsinnsats. Dei fortel at undergruppene ski og skøyter på kvar sine kantar lever eit like aktivt dugnadsliv.

Skøytegruppa gjorde ein stor innsats sist vinter. No står nytt og moderne klubhus ferdig på Glitre stadion. Skigruppa arbeider først og fremst trottug vidare med lysløypene på Rustebrenna. No kan skifolket velja mellom lysløyper på to-, tre-, og fem kilometer. Dette tilbodet som alle golingar og turistar dreg nytte av, kjem først og fremst takka vera dugnadsinnsatsen.

## Fast gjeng

Sjølv om det er mange som takkar ja til dugnad, er det ingen tvil om at det er ein hard kjerne trugne slitarar som først og fremst stiller seg til rådvelde. Pensjonistane som tidlegare drog lasset som aktive og tillitsvalde brukar no både helg og sykne på dugnad.

- Me må berre takke skikkelig for den innsatsen dei gjer, seier Brunborg og Skjerdal.

- Men er del alltid like populært å møte fram?

- Nei. Og det hender me er skuffa over frammøtet når det skal skje noko spesielt. Men på den andre sida. Dugnadsjobben må ta den tida den krev. Dessutan kan me ikkje truge og masa på folk som driv fri-



Eldsjeler for klubhuset på Hallingmo. Bjørn Graff (nærast) og Tore Myro. (Foto: Jon Brunborg)

villig arbeid. Det må gå med liv og lyst.

## Idrett også

- Gløymer idrettslaget idretten oppe i all bygginga?


- Nei, det vil me ikkje seie. Dei aktive får stort sett drive upåvirka av byggeprosjekta, sjølv om me har mått redusere tilskotet til gruppene. Dei aktive får drive med idrett,

pluss at dei framleis har sine oppgåver når det gjeld å skaffe pengar til drifta.

► OLAV J. BØTHUN



Dugnadsgjengen har pause. F.v. Lars Johan Mehl, Sverre Johansen, Tore Dag Skjerdal, Gunnar Jordheim, Tore Myro, Bjørn Graff, Johan Røsten, Mikkel Rustbergard, Per Einar Brøto og Steinar Medhus. (Foto: Jon Brunborg)



Leiar Tore Dag Skjerdal t.v. og dagleg leiar Jon Brunborg i Gol IL konsentrerer seg med å lesa dugnadsboka for Gol IL sitt nye klubhus på Hallingmo.